

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Hans Petter Helgesen	FE-210	19/1770

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
61/2019	Formannskapet	PS	11.09.2019
40/2019	Kommunestyret	PS	25.09.2019

Økonomisk rapportering august 2019 (2. tertial) med budsjettendring

Vedlegg:

Økonomirapport Meland kommune 2. tertial 2019

Økonomirapport Meland kommune 2. tertial 2019 - Oppdatert 16.09.2019

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Vedlagt følgjer rapport per 2. tertial 2019 med økonomisk og finansiell status, samt diverse nøkkeltal per 31.08.2019.

Rapporten har følgjande hovuddeler:

1. Status drift per tenesteområde med framlegg til budsjettjustering
2. Status investeringsprosjekt
3. Framlegg til budsjettendringar investeringsprosjekt
4. Finansrapporten som finansreglementet krev at vi skal legge fram kvart tertial.
5. Diverse ikkje-økonomiske nøkkeltal

Vurdering

Per 31.08.2019 viser driftsrapport med prognose at vi ventar eit meirforbruk på kr 3,4 mill for året.

Meirforbruket kjem som følgje av at vi har lågare inntekt enn budsjettett på eigedomsskatt, med kr 0,3 mill, samt kostnadsauke på Rossland skule kr 0,2 mill, Sjukeheimen kr 1,5 mill, og Heimetenestene kr 1,4 mill.

Veksten i antall bustadhus og næringsbygg er lågare enn budsjettert, noko som gjer lågare inntekter

frå eigedomsskatt.

Rosland skule treng auka ressursar til enkeltelevar. Sjukeheimen og Heimetenestene rapporterte høg aktivitet i 1. tertial 2019 samanlikna med førre år. Aktivitetsnivået er fortsatt høgt i 2. tertial, noko som gjer utslag på ekstra kostnadar til løn og innleige av ekstra personell. Antall liggedøgn på sjukeheimen er auka med 187 samanlikna med same tid i 2018.

Totalt gjer rådmannen framlegg om å auke ramma til fordeling på tenesteområda i budsjettet for 2019 med kr 3,1 mill. Vidare gjer rådmannen framlegg om å redusere inntektsbudsjettet med kr 0,3 mill grunna reduserte inntekter frå eigedomsskatt. Netto effekt av forslaget kr 3,4 mill foreslås finansiert med auke i bruk av disposisjonsfond med kr 3,4 mill.

Disposisjonsfondet var ved utgangen av 2018 på kr 26,1 mill. Ved utgangen av 2019 budsjetteres det med kr 11,4 mill i fondet. Med rådmannens forslag vert fondet redusert til kr 6,8 mill ved årsslutt.

Investeringsrapport per 2. tertial viser at det er påløpt kr 71,4 mill av totalt investeringsbudsjett på kr 239,3 mill for 2019.

I framlegget ligg det ein netto reduksjon i investeringsbudsjettet for 2019 med kr 17,0 mill. Ordinære driftsmiddel reduserast med kr 14,5 mill (inkl overføring til 2020), og VA investeringar reduserast med kr 12,6 mill (inkl overføring til 2020). Auka ramme startlån og andre kapitalutgifter utgjer kr 10,1 mill. Av dei nemnde reduksjonane utgjer kr 29,6 mill flytting til seinare i økonomiplanperioden.

Finansdelen i tertialrapporten viser at finans- og gjeldsforvaltninga til kommunen er innanfor gjeldande finansreglement.

Sjå elles vedlegget for status på ulike nøkkeltal i den vedlagte tertialrapporten.

Oppsummering av framlegg til budsjettendringar:

Folkehelse
Miljø
Økonomi

Konklusjon

Framlegg til vedtak:

Driftsrekneskapen:

1. Reduksjon i inntekter frå eigedomsskatt kr 0,3 mill.
2. Auke utgiftsramma til tenesteområda delegert til rådmannen å fordele: kr 3,1 mill.
3. Auke i bruk av disp.fond med kr 3,4 mill.

Investeringsrekneskapen:

4. Auke i investeringsprosjekt nr 109, 256, 254, 264, 544, 768, 604, og nye prosjekt inventar skulane og veg i samband med VA prosjekt Homeknappen-Tveit. Samla kr 10.210.000,-. Sjå vedlegg for spesifisering per prosjekt.
5. Reduksjon 2019 og overføring av investeringsmidlar til 2020 på følgjande prosjekt nr 262, 355, 356, 376, ,545, 789, 662, 668, 676, 679. Samla kr 37.285.000,-. Sjå vedlegg for spesifisering per prosjekt.
6. Auke startlån (for vidareutlån) og endring andre kap. Utgifter kr 10. 080.000,-

Formannskapet - 61/2019

FS - behandling:

Økonomisjef Per Inge Olsen orienterte.

Tilleggsframlegg frå Anne Grete Eide, AP:

Formannskapet ber om at post 545 Areal til utviding av idrettsanlegg Leirdalen ikkje blir tatt ut av investeringsbudsjettet.

Låneramma vert auka tilsvarande.

Avrøysting:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

Tilleggsframlegg frå Anne Grete Eide vart samrøystes vedteke.

FS – samrøystes framlegg til vedtak:

Driftsrekneskapen:

1. Reduksjon i inntekter frå eigedomsskatt kr 0,3 mill.
2. Auke utgiftsramma til tenesteområda delegert til rådmannen å fordele: kr 3,1 mill.
3. Auke i bruk av disp.fond med kr 3,4 mill.

Investeringsrekneskapen:

4. Auke i investeringsprosjekt nr 109, 256, 254, 264, 544, 768, 604, og nye prosjekt inventar skulane og veg i samband med VA prosjekt Homeknappen-Tveit. Samla kr 10.210.000,-. Sjå vedlegg for spesifisering per prosjekt.
5. Reduksjon 2019 og overføring av investeringsmidlar til 2020 på følgjande prosjekt nr 262, 355, 356, 376, ,545, 789, 662, 668, 676, 679. Samla kr 37.285.000,-. Sjå vedlegg for spesifisering per prosjekt.

6. Auke startlån (for vidareutlån) og endring andre kap. Utgifter kr 10. 080.000,-

Formannskapet ber om at post 545 Areal til utviding av idrettsanlegg Leirdalen ikkje blir tatt ut av investeringsbudsjettet.

Låneramma vert auka tilsvarande.

Kommunestyret - 40/2019

KS - behandling:

KS - samrøystes vedtak:

Driftsrekneskapen:

1. Reduksjon i inntekter frå eigedomsskatt kr 0,3 mill.
2. Auke utgiftsramma til tenesteområda delegert til rådmannen å fordele: kr 3,1 mill.
3. Auke i bruk av disp.fond med kr 3,4 mill.

Investeringsrekneskapen:

4. Auke i investeringsprosjekt nr 109, 256, 254, 264, 544, 768, 604, og nye prosjekt inventar skulane og veg i samband med VA prosjekt Homeknappen-Tveit. Samla kr 10.210.000,-. Sjå vedlegg for spesifikasjon per prosjekt.
5. Reduksjon 2019 og overføring av investeringsmidlar til 2020 på følgjande prosjekt nr 262, 355, 356, 376, ,545, 789, 662, 668, 676, 679. Samla kr 37.285.000,-. Sjå vedlegg for spesifikasjon per prosjekt.
6. Auke startlån (for vidareutlån) og endring andre kap. Utgifter kr 10. 080.000,-

Formannskapet ber om at post 545 Areal til utviding av idrettsanlegg Leirdalen ikkje blir tatt ut av investeringsbudsjettet.

Låneramma vert auka tilsvarande.